

Årsmelding 2019 - Austevoll kommune

Ordfører si innleiing til årsmeldinga 2019

Etter fleire år med planlegging, innsamlingar og tallause dugnadstimar blei sherpatrappene til Kongskleiva opna i august 2019. Med dette fekk Austevoll endå ei fantastisk turløype. Og med dette blei endå meir av den storslåtte naturen vår tilgjengeleg for endå fleire, både austevollingar og tilreisande, med viktige gevinstar for folkehelsa.

Opninga av sherpatrappene var eitt av mange viktige hendingar som fann stad i 2019, og ikkje minst innanfor frivilligheita i Austevoll. Overalt i kommunen blir det gjort ein uvurderleg dugnadsinnsats for å gjere det kjekkare og betre å bu i kommunen vår. 2019 var også året då frivilligprisen blei utdelt for første gong. Den verdige mottakaren var Leiv Magne Storebø, ei av dei mange eldsjelene i kommunen. Han fekk prisen blant anna for årelang innsats med å bygge, utbetre og vedlikehalde turstiar og betre framkome på Loddo.

2019 var også eit valår, med val både til fylkestinget i den nye Vestland fylkeskommune – og til kommunestyret. I eit demokratisk samfunn er frie val det viktigaste som finst. Då er det veljarane som bestemmer kven som skal sitte i kommunestyre og fylkesting. I valkampen bidrog mange titals politiske frivillige frå alle parti, til gode politiske debattar og høg aktivitet på sosiale medier og på standsaksjonar. Resultatet blei meir enn 2.700 avgitte stemmer, ei valdeltaking på 71 prosent og seks parti representert blant dei 21 medlemmane i kommunestyret.

I lokalpolitikken var det fleire store saker til behandling både før og etter valet. Totalt var det 171 saker til behandling i Austevoll kommunestyre i 2020. Blant anna avgjerda om drift av dei viktige pleie- og omsorgstenestene. Dette er ei viktig sak som opptar mange, og resultatet blei at kommunen sjølv skal overta drifta når avtalen med Stendi løper ut i 2020. Dessutan blei det gjennomført ei rekke medverknadsmøter der innbyggjarane fekk kome med innspel til den nye kommuneplanen, eit planarbeid me gler oss til halde fram med i 2020.

Dette var berre litt av alt det som skjedde i kommunen vår i 2019. I årsmeldinga her kan du lese meir om det som har gått føre i den kommunale forvaltninga og om tenestene kommunen har ansvaret for.

God lesing!

Morten Storebø
ordfører

Innhaldsoversikt

1 [Politiske organ](#)

1.1 Kommunestyret

1.2 Formannskapet

1.3 Kontrollutvalet

1.4 Plan-og_byggesaksutvalet

1.5 Tenesteutvalet

1.6 Eldrerådet

1.7 1.7 Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne

1.8 Ungdomsrådet

2 Organisasjon

2.1 Tilsette

2.2 Likestilling

2.3 Arbeidsmiljøutvalet

2.4 Generelt om verne og arbeidsmiljøet /HMT – arbeid

2.5 Oversyn over sjukefråvær

3 Utvikling og forvaltning

3.1 Brann og redning

3.2 Prosjekt bygg og anlegg

3.3 Næring

3.4 Kultur og frivillighet

3.5 Folkehelse og idrett

3.6 Austevollbadet

3.7 Forvaltning, drift og vedlikehold- FDV

3.8 Plan og byggesak

3.9 Servicekontoret

4 Oppvekst

4.1 Barnehage

4.2 Barnevern

4.3Pedagogisk psykologisk teneste – PPT

4.4Helsestasjon- og skulehelseteneste

4.5Kulturskulen

4.6Vaksenopplæringa

4.7Austevoll folkebibliotek

4.8Grunnskulane

4.8.1Selbjørn skule

4.8.2Storebø skule

4.8.3Austevoll ungdomsskule

5Helse og omsorg

5.1Legetenesta

5.2NAV

5.3Ergo- og fysioterapitenesta

5.4Psykisk helse, rus- og kreftomsorg

5.5Helseservicekontoret

5.6Jordmortenesta

5.7Eidsbøen bufellesskap

5.8PO-senteret

6Økonomi og internkontroll

6.1Nøkkeltal for Austevoll kommune

6.2Driftsrekneskapen

6.3Investeringsrekneskapen

6.4Balanse

6.5Rekneskapsskjema 1 A og 2 A Drift

6.6Notar

6.6.1Note 1 Endring i arbeidskapital

6.6.2Note 3 Kommunens garantiansvar

6.6.3 Note 4 Aksjer og andeler i varig eige

6.6.4 Note 5 Bruk og avsetning av fond

6.6.5 Note 6 Kapitalkonto

6.6.6 Note 7 Anleggsmidler

6.6.7 Note 8 Investeringsoversikt

6.6.8 Note 10 Tidlegare endringar i rekneskapsprinsipp lagt på arbeidskapital drift

6.6.9 Note 11 Rekneskapsmessig meirforbruk / mindreforbruk

6.6.10 Note 12 Antal årsverk og ytingar til leiande personar og revisor

6.6.11 Note 13 Godtgjersle til revisor

6.6.12 Note 14 Bundne midlar

1 Politiske organ

1.1 Kommunestyret

Austevoll kommunestyre er samansett av 21 representantar. Fram til valet i september 2019 var det slik samansetning:

H 8

Ap 5

Frp 5

KrF 2

Sp 1

Ordfører: Morten Storebø (H)

Varaordfører: Anja Heggholmen (Ap)

Etter valet i september blei samansetninga slik:

H 8

Ap 4

Frp 5

KrF 1

Sp 2

MDG 1

Ordfører: Morten Storebø (H)

Varaordfører: Anja Heggholmen (Ap)

Kommunestyret handsama 171 saker i 2019.

1.2 Formannskapet

1.3 Kontrollutvalet

Kontrollutvalet er samansett av 5 representantar. Det blei handsama 58 saker i 2019.

1.4 Plan-og byggesaksutvalet

Plan- og byggesaksutvalet er samansett av 7 representantar. Det blei handsama 123 saker i 2019.

1.5 Tenesteutvalet

Tenesteutvalet var samansatt av 7 representantar før valet i september. Etter valet blei utvalet utvida til 9 representantar. Det blei handsama 51 saker i 2019.

1.6 Eldrerådet

Eldrerådet er samansett av 5 representantar. Det blei handsama 49 saker i 2019.

1.7 1.7 Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne

Rådet er samansett av 5 representantar. Det blei handsama 40 saker i 2019.

1.8 Ungdomsrådet

Ungdomsrådet er samansett av 8 representantar. Det blei handsama 23 saker i 2019.

2 Organisasjon

2.1 Tilsette

31.12	2018	2018	2019	2019
Tilsette	Tal	Årsverk	Tal	Årsverk
Kvinner	197	167	196	167
Menn	59	42	56	41
Totalt	256	209	252	208

Talet på fast tilsette i kommunen er redusert med 4 personar. Årsverka er redusert med 1. Dei etiske grunnverdiane for leiarar og tilsette i Austevoll kommune er:

- Truverd
- Respekt
- Openheit
- Mot
- Profesjonalitet

Grunnverdiane skal vera forpliktande for alle tilsette, og det blir arbeidd med å laga etiske retningsliner som skal gjelda for både tilsette og politikarar som skal implementerast i heile organisasjonen.

2.2 Likestilling

Den administrative toppleiargruppa var i 2019 samansett av 2 menn (rådmann og økonomisjef), og 4 kvinner (kommunalsjefar og personalrådgjevar). Kjønnfordelinga for einings- og fagleiarnivå var 7 menn (33 prosent) og 14 kvinner (66 prosent). I arbeidsstokken totalt er 77 prosent kvinner. Kommunen freistar å ta aktivt omsyn til likestillingsperspektivet i ulike sider av personalpolitikken. Det gjeld både tilsettingar, i lønspolitikken og i arbeidet med å redusera ufrivillig bruk av deltid.

2.3 Arbeidsmiljøutvalet

AMU har 6 medlemmar, 3 frå arbeidsgjevar og 3 representantar for dei tilsette. Arbeidstakarrepresentantane har leiarvervet i 2018 og 2019. Vervet går på omgang mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarrepresentantane. Bedriftshelsetenesta Volvat Bedrift A/S - har møte og talerett i AMU og har vore kalla inn til møta.

AMU har hatt 3 møte i 2019 og har handsama 17 saker inklusive referat og meldingar. AMU har handsama og uttalt seg om følgjande saker:

- Kvartalsvis rapportar om sjukefråvær
- Omsorgsbustader på Storebø brygge
- Handlingsplan mot vald og truslar på arbeidsplassen
- Medarbeidarundersøking
- Oversikt over hjartestartarar i kommunale bygg
- Budsjett og økonomiplan 2020
- Handlingsplan for eit inkluderande arbeidsliv i Austevoll kommune
- Årshjul for arbeidsmiljøutval
- Inneklima på helsehuset

Austevoll kommune sine mål for HMT 2020


2.4 Generelt om verne og arbeidsmiljøet /HMT – arbeid

Austevoll kommune har rammeavtale med Volvat Bedrift A/S om levering av bedriftshelsetenester. Dette sikrar kommunen tilgang til lovfesta bedriftshelseteneste med nødvendig kompetanse innan HMT. Det er etablert eit fast samarbeid med NAV Arbeidslivssenter - Vestland der kommunen har oppnemnd eigen rådgjevar som kontaktperson i samband med oppfølging av IA -avtala.

Austevoll kommune har utarbeidd ein handlingsplan for inkluderandande arbeidsliv med ulike tiltak. I den nye handlingsplanen er det ei målsetning at vi skal redusera sjukefråværet i løpet av perioden med 15 %.

2.5 Oversyn over sjukefråvær

Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2019 var 6,7% mot 7,2% i 2018. Fråværet første kvartal 2019 var relativt høgt, og gjennomsnittstalet for året var høgare enn måltalet i IA-handlingsplanen som er på 5,7%. Handlingsplanen har som ovanfor nemnt målsettingom å redusere fråværet med 15 %. Kvartalsrapportar om sjukefråvær blei etter rutine framlagt og drøfta i AMU.



3 Utvikling og forvaltning

3.1 Brann og redning

Eininga består av brannsjef og brannmeister i tillegg til 20 personar som utrykningsmannskap i mindre stillingsprosentar. Det var ingen større brannar eller hendingar i Austevoll i 2019. Brannmannskapa hadde 101 utrykningar i 2019.

Nøkkeltal frå 2019:

- Unødige automatiske brannalarmer: Nedgang frå 34 til 21
- First responder (bistand lege/ambulanse): Auke frå 8 til 19
- Bistand heimesjukepleien: Auke frå 2 til 8

Feiartenesta blei utført av 2 feiarar i til saman 1,4 årsverk. Tenesta har levert meir enn måltala:

- Tilsyn einebustadar: 289
- Feiing einebustadar: 1222
- Tilsyn fritidsbustadar: 415
- Feieoppdrag: 415

Det har vore utført tilsyn med 49 «særskilte objekt». Dette er hovudsakleg bygg der brann kan få store samfunnsmessige konsekvensar, til dømes skular, barnehagar, omsorgsbustadar, PO-senteret og næringsverksemder.

Deltakinga i Vest brann og redningsregion (VBR) er godt i gang og det blir jobba godt på tvers av brannvesen. Austevoll drar ut effektar ved samarbeid i beredskap og i førebyggjande arbeid.

3.2 Prosjekt bygg og anlegg

Eininga har 1 årsverk. I denne eininga ligg ansvar for store og små utbyggings- og utbetningsprosjekt. Desse ligg under regelverket for offentlege anskaffingar og krev konkurranseutsetting. Ansvaret omfattar spesifikasjon av oppdrag, skaffe utførar, inngå kontrakt, følgje opp gjennomføring og styre prosjektbudsjettet.

Prosjekt i utføringsfase 2019:

- KV 1 – Salthella. Veg, tilrettelegging for vatn, avlaup, veglys, straum mm.
- Elevaula ved Selbjørn skule, ventilasjon, golvsliping mm.
- Austevoll ungdomsskule. Utviding og rehabilitering.
- Selbjørn tennisbane.

Prosjekt i prosjekteringsfase 2019:

- Elevaula/ kultursal ved Selbjørn skule, uttrekksamfi mm.
- Eidsbøen bufellesskap, sprinklaranlegg.
- Bekkjarvik bufellesskap, rehabilitering.
- Rekommunalisering, bygg og anlegg.
- Trafikksikringstiltak v/rundkjøringa på Melingen

3.3 Næring

Blått kompetansesenter blei stifta i 2019 og er eigd av Austevoll kommune og Austevoll næringsråd med 50% kvar. Styret har representantar frå kommune, næringsråd, Havforskningsinstituttet og Austevoll vidaregåande skule. Blått kompetansesenter har vedteke eigen verksemdsplan og det ligg til rette for at selskapet kan starte opp drifta i 2020.

Styremedlemmar i selskapet er Vivian Bjånesø Horgen (styreleiar), Morten Storebø, Hege Øye Lauvik og Geir Lasse Taranger.

3.4 Kultur og frivilligheit

Eininga har 1 årsverk. Kulturlivet i Austevoll er breidt, og mange organisasjonar nyttar seg av moglegheita til å søkja om kommunale tilskotsmidlar. Det vert jamnleg arrangert små og store konsertar av både lokale og meir kjende artistar. I 2019 arrangerte ungdomsskulen musikal, der elevar ved skulen stod for skodespelarprestasjonar, kulissar, song og musikk.

Årleg er det sankthansfeiring på Hufthamartunet med graut og pølsar, bålbrekking og tradisjonsleikar. Dette er ein fin arena å få samla unge og eldre, i 2019 tok om lag 270 menneske vegen til tunet.

Austevoll frivilligsentral, som sidan november 2018 er blitt ein møteplass i kommunen, har vore med å arrangera boklesingar saman med kjende forfattarar. Det har også vore kulturkonsertar saman med frivillige lag og organisasjonar. Det kjem gode tilbakemeldingar på slike arrangement, kor ein blant anna har samla inn pengar til lokale organisasjonar med gode føremål.

Frivilligsentralen blei i 2019 drifta utan å ha eige budsjett. Det blei søkt inn midlar undervegs for å kunna driva aktivitet for ulike grupper. Kommunen hadde prosjekt EVS (European Volunteary Service) for å ha frivillige til å gjera ein jobb i oppstarten. EVS vart dekkja av EU-midlar, som gjorde det mogleg å betala kost og losji, litt kurs og lommepengar til to frivillige i 11 mnd.

I 2019 blei det søkt til Bufdir om kr 75 000 til prosjekt aktivitetskort. Det skulle gjera det mogeleg at barn i lavinntektsfamiliar fekk delta i aktivitetar på lik linje med andre barn. Nokre av midlane gjekk til prosjektet SommarGØY; eit aktivitetstilbod til alle barn mellom 8-16 år. 60 barn deltok og aktiviteten blei godt motteke av foreldre, born og samarbeidspartnarar som NAV, flyktningsstenesta, barnevern, MOT-ungdommar, samt frivillige lag og organisasjonar.

I 2019 søkte Austevoll folkebibliotek og frivilligsentralen om midlar til integrering i ordninga «Rom for møte». Resultatet blei kr 15 000 som blir brukt til å arrangera internasjonal kafè og kulturtreff. Samarbeidet vil vil fortsetta.

Austevoll frivilligsentral sine lokaler i Austevollbadet har hatt aktivitetar kvar veke. Eksempel på dette er eldretreff, bingo, strikketreff, spelegrupper, språksprell, ungdomstreff, aktivitet i feriar og «kafè» for alle. I tillegg har lokalet vore brukt av kommunen, ungdomsråd og av fleire frivillige organisasjonar for møter og samlingar. I 2019 besøkte om lag 1100 Austevollingar frivilligsentralen, og talet stig for kvar nye aktivitet som blir lagt til.

3.5 Folkehelse og idrett

Eininga har eitt årsverk. Folkehelse er sentralt i Austevoll og folkehelseperspektivet gjer seg gjeldande innanfor alle tenesteområde. Det vert arbeidd tverrfagleg for å fremma god helse blant innbyggjarane. For å sikra eit målretta arbeid skal kommunen ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorane som har innverknad på denne. Arbeidet med folkehelseoversikten starta i 2019 og skal ferdigstillast i 2020. Folkehelseoversikten vil danna eit grunnlag for revidering av planstrategien til kommunen.

I pågåande revidering av kommuneplanen sin arealdel står folkehelseperspektivet sentralt. For å sikra tilgang til rekreasjonsareal, naturområde og turformål fekk kommunen i 2018 kr 90 000 til å kartlegga og verdsetta friluftslivområde i heile kommunen. Prosjektet vart stilt ferdig i 2019, og som ein vidareføring av prosjektet fekk kommunen kr 60 000 i tilskot til prosjektet «Plan for friluftslivets ferdselsårer». Målet er at befolkninga skal kunna utøva friluftsliv jamleg og vera sikra god tilgang til turmoglegheiter og attraktive naturområde i kommunen. Planen vil også vera eit grunnlag for kva friluftsliviltak kommunen skal prioritera i «Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv».

Austevoll har eit aktivt idrett- og fritidsmiljø, noko som kjem tydeleg fram i «Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv» kor det er skildra i alt 29 igangsette, planlagde og framtidige aktivitetsprosjekt. I 2019 blei det sendt inn 9 spelemiddelsøknadar for søknadsåret 2020, noko som utgjer ein søknadssum på kr 13 791 000. Total kostnadsramme for desse prosjekta er kr 109 203 046 inklusive mva.

Eit av prosjekta skildra i planen er etableringa av ei dagsturhytte. Dagsturhytta skal vera eit turmål i kommunen, her kan store og små nyta matpakken og samlast. Austevoll kommune er tildelt 300 000 kr til hytta. Prosjektgruppa vil i løpet av 2020 jobba med å finna ein eigna stad for plassering og få på plass ein driftsmodell.

3.6 Austevollbadet

Eininga består av 4,1 årsverk i 2019. Austevollbadet hadde sitt første heile driftsår i 2019. Drifta har heile tida hatt eit mål om å levere god kvalitet til dei badande. Kjemikaliar blei skifta ut med dampvask våren 2019. Det gir pluss for folkehelsa, dei tilsette og miljøet. Livredningsrutinar og alarmrutinar blir gjennomgått regelmessig.

Talet på vaksne som brukar Austevollbadet som trenings-/mosjonsarena aukar med symjing, vannjogging og vanngym. Me har ulike brukargrupper som er aktive brukarar:

Pensjonistane aukar mest. 80 faste badande kjem kvar veke og nyt kaffi og sosialt samver etter trening. 20-30 av dei deltek i tillegg på vanngym.

Alle 5-åringar i Austevoll har hatt eit 10-timars symjekurs med barnehagen. Dette er eit populært tilbod med midlar frå fylket.

Symjegruppa til AIK utgjer om lag 300 barn som trenar med ca 35 frivillige instruktørar kvar veke.

Alle grunnskulane i kommunen har hatt symjeundervisning for alle trinn.

Fysioterapi har starta med ei lita gruppe som no aukar på. Eit svært viktig tilbod for denne gruppa.

Yogierne har funnet roen på meditasjons-symjing kvar torsdag kveld.

SeBra er ei gruppe for blinde som har badet for seg sjølv kvar måndag. Dei er fulltallig nesten kvar gong. Barselduppen har ein time kos i terapibassenget for foreldre og baby.

Oversikt bad per gruppe i 2019:

- AIK 10 251
- Skular 8 373
- Andre 19 425
- Totalt 38 049

I 2020 er målet å gjere Austevollbadet enda meir attraktivt; kurstilbodet blir utvida, fleire typar aktivitet kjem til – og me held fram arbeidet med å bygge kultur for å bruka Austevollbadet som trivsels- og treningsarena. Resultatet skal bli enda meir god folkehelse, meir trivsel og meir omsetnad.

3.7 Forvaltning, drift og vedlikehald- FDV

Eininga består av 8 årsverk. FDV har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunen sine eigedomar; teknisk tilsyn, oppfølging energiforbruk, reinhald, leasingbilane, uteområda sommar/vinter og havneområda.

Oppsummering 2019

- Meirforbruk på straum blei på kr 700 000 grunna uvanleg høge straumprisar vinteren 2019.
- Manglande husleigeinntektar på Prestaneset utgjorde kr 2 mill.
- Eidsbøen bufelleskap og Birgittunet blei oppgraderte frå mekanisk til balansert ventilasjon.
- I 2. etasje i det gamle kommunehuset (kyrkjekontoret) er det installere balansert ventilasjon. Det er skifta kledning på sørsida av bygget. Arbeidet held fram i 2020.
- Tilstandsanalyser av kommunale bygg er ferdigstilt. Dei skal oppdaterast 2 gonger pr år.
- Brannvarslingsanlegga på fleire av våre bygg blei skifta ut og vi held fram med nødvendige utbedringar også i 2020.
- Arbeid er sett i gong for finna tiltak for å redusere straumforbruk. Forbruket er spesielt høgt på skular og idrettshallar.

- Fleire omsorgsbustadar og skular har vore utsette for hærverk og misleghald. Det har påført ekstrakostnader.

Målet for 2020 er å halde fram med å komplettera vedlikehaldsprogrammet og lukke avvik avdekka ved tilsyn. Resterande risikoanalyser (ROS) med omsyn til brannkrav og ordinær drift skal på plass.

3.8 Plan og byggesak

Byggesak har 4,7 årsverk og plan har 3 årsverk. I tillegg er det 1 leiarstilling. Eininga yter tenester innan byggesak, private reguleringsplanar, landbruk og delesaker. Det inneber byggesakshandsaming, ferdigattestar, ivingsløyve, frådelling, dispensasjon, matrikkelføring, seksjonering, eigedomsmeklarpakkar, arkivering, klagesaker, konsesjonssøknadar, eigenfråsegn om konsesjonsfridom, rettleiing, adresseendring, utsleppsløyve, detaljreguleringsforslag, arbeid med områdeplan og kommuneplan.

Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor bistår i landbrukssaker, og Austevoll kart (AUKAS) matrikkelfører bygg, adresserer nye tiltak i kommunen og ferdigstiller adresseendringsprosjektet.

Statistikk for 2019

Tal saker	2019
Godkjente detaljreguleringsplansaker	7
Detaljreguleringsplanar sendt på høyring	11
Motsegn	1
Handsama klagesaker (plan- og byggesaker)	23
Handsama dispensasjonssaker	41
Handsama delegerte byggesaker	94
Handsama delesaker	39
Handsama mellombelse bruksløyver og ferdigattestar	117

3.9 Servicekontoret

Eininga har 4 årsverk. Servicekontoret ligg i 2. etasje i Storebøportalen og representerer i stor grad kommunen sitt ansikt utad. Her ligg resepsjonen, sentralbordet og her finst publikums-PC og informasjonsbrosjyrar. I 2019 blei servicekontoret sitt areal i 2. etasje utvida og resepsjon/telefonsentral flytta for å gjere mottaket meir synleg og innbydande for publikum. Det blei samstundes utvida med to nye møterom. Dei 4 tilsette har ansvar for sentralbord, for postmottak, arkiv og søknadar – i tillegg til informasjon/retteleiing ovanfor innbyggjarane.

4 Oppvekst

4.1 Barnehage

Austevoll kommune er barnehagemynde og skal rettleie og sjå til at barnehagar blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen har ansvar for å legge til rette for ein samordna opptaksprosess og for at alle barn får barnehageplass i samsvar med lov. Tilsynsfokus i 2019 har vore å ferdigstilla økonomisk tilsyn etter barnehagelova § 14 a og 16 a. Erfaringa så langt er at økonomisk tilsyn er svært tidkrevjande arbeid, og det har vore lite tid til anna tilsyn etter barnehagelova § 16 i 2019. Våren 2019 vart det gjennomført stadleg tilsyn i ein barnehage og skriftleg tilsyn i to barnehagar.

Barnehagane har i løpet av året rapportert seks gongar om bemanning, arealutnytting, tal barn, alder og pedagognorm. I samarbeid med helsevernetaten har kommuneoverlegen vore på fleire tilsyn i barnehagane (miljøretta helsevern).

Kommunen har lagt til rette for tverrfaglege møteplassar med styrarar, pedagogar og andre tenester innan oppvekst.

Barnehagemynde har informert barnehagane om ordninga regional kompetanseutvikling (REKOM) og barnehagane deltek på forvaltningsmøte med tema som t.d. regelverk knytt til barnehagedrift og opplæring i nytt opptaksprogram (Vigilo). Det var felles fagdag i Bergen for alle styrarar i Midthordland kompetanseregion 21. november 2019.

Det har vore gjennomført seks nettverksmøte for barnehageansvarlege i Midthordland kompetanseregion i 2019.

4.2 Barnevern

Det er 4,6 årsverk fordelt slik: - 3,6 barnevernkonulentar og 1 leiar. Barnevernet sine brukarar er barn, ungdom og familiar i ein vanskeleg eller utfordrande livssituasjon, som treng oppfølging og tiltak frå barneverntenesta. Ansvarsområde gjeld for barn opptil 18 år, og i nokre tilfelle opptil 23 år dersom det er behov eller ynskje frå ungdommen om oppfylging etter fylte 18 år. Pr 31.12.2019 hadde barneverntenesta 64 aktive klientar. Barneverntenesta fekk 55 bekymringsmeldingar i 2019.

Barneverntenesta jobbar for gode oppvekstvilkår gjennom eigna førebyggjande tiltak og i samarbeid med andre instansar gjennom;

- Råd og rettleiing
- Samtalar med born og unge
- Tilvising til andre instansar som psykolog, BUP, familievernkontor, statleg barnevern ol.
- Eit tverrfagleg samarbeid med andre etatar i kommunen som jobbar med barn/unge.
- Overta omsorga for born for vidare plassering i fosterheim eller institusjon.

Barneverntenesta har ansvar for oppfylging og rettleiing av fosterheim, samarbeid med institusjon, tilsyn med barnet, samvær mellom barn og biologiske foreldre samt oppfylging av biologiske foreldre etter

omsorgsovertaking.

Barneverntenesta fekk i 2018 auke i bemanninga med 60% stilling i budsjettet, ny sakshandsamar tilsett frå 1. april 2019. Nok ein auke i budsjettet førte til at 60% stillinga blei auka til 100% fast frå budsjetttrunden i desember 2019. Barneverntenesta har gjennomført alle drøftingsteama i lag med samarbeidspartnarar i 2019, og nådd ut til fleire familiar som fylgje av dette. Barneverntenesta samarbeider godt med andre tenesteområde, og samarbeidar interkommunalt.

Barneverntenesta hadde tilsyn frå fylkesmannen på seksuell overgrep og vald og fekk lovbrøt. Det har vore eit omfattande og lærerikt arbeid for å lukke lovbrøta og det har blitt satt av mykje tid for å ha eit forsvarleg system for å kunne ha ei forsvarleg drift av barneverntenesta. Barneverntenesta har fått betre og tydelegare rutinar for å fylgje opp bekymringsmeldingar om vald og seksuelle overgrep som fylgje av tilsyn av fylkesmannen i 2019.

4.3 Pedagogisk psykologisk teneste – PPT

PPT sine brukargrupper er føresette, barn og unge i barne- og grunnskulealder, samt vaksenopplæringa. PPT samarbeider tett med andre kommunale tenesteområde. Arbeidsområda til PPT er kartlegging og utgreiing av lærevanskar, diagnostisering, sakkunnige vurderingar, systemretta arbeid inn mot skular – og barnehagar, kurs og foredrag. Det er ei auke i utredningar og sakkunnige vurderingar. Det har dei siste åra vore stor auke i førespurnadar i høve til kontoret sin kompetanse og medverknad på svært mange område. Det vert fleire og meir komplekse saker dei tilsette må setja seg inn i. Dette krev mykje fagleg oppdatering og kunnskapsinnhenting. Kursing krev tid og økonomi for å gjennomføre. PPT treng framleis styrkja sin kompetanse i høve framandspråklege. Dette er spesielt viktig med tanke på busetnad av flyktningar og arbeidsinnvandringa kommunen har.

Fagsenter barnehageteam

Fagsentert utfører spesialpedagogisk hjelp til barn under skulepliktig alder, der PPT har skriva sakkunnig vurdering og kommunen har fatta vedtak. I det systemretta arbeidet har det blitt lagt vekt på å drive språkgrupper som eit lavterskeltilbod, og å gi råd og rettleiing i barnehagane for å gjere det allmennpedagogiske tilbodet best mogeleg for alle barn.

4.4 Helsestasjon- og skulehelseteneste

Avdelinga har 7 helsesjukepleiarar fordelt på 5,5 årsverk.

Brukarane er barn og unge frå 0 til 23 år, samt foreldre og /eller føresette. Helsestasjon- og skulehelsetenesta deltar i ei rekkje tverrfaglege team, der målet er å kome inn med hjelp til barn og ungdom på eit så tidleg tidspunkt som mogleg. Dei ulike teama er; barnehageteam, skuleteam, BUP samlingar, faste møter med administrasjonen på skulane, drøftingsteam samt overordna tverrfagleg team.

Helsestasjon er ei lovpålagt teneste som ansvar for oppfylging av barn 0-5 år og deira familie. Det er fokus på både fysisk og psykisk utvikling, trivsel, foreldrerettleiing, vaksinasjon, smittevern m.m. Helsestasjonstenesta skal jobbe førebyggjande og helsefremjande og er eit lågterskel tilbod som skal vere lett tilgjengeleg for brukarane.

Skulehelsetenesta er ei lovpålagt teneste for elevar mellom 6 og 20 år. Elevane får tilbod om helsekontrollar, undervisning og vaksinasjonar etter anbefalt program. Helsesjukepleiarar i skulen driv- og samarbeider om ulike grupper og undervisningsopplegg for elevar. Eksempel på dette er "Zippys venner" og VIP (veiledning og informasjon om psykisk helse hos ungdom). Desse programma skal styrkje elevanes sjølvkjensle, deira psykiske helse samt deira sosiale kompetanse. Andre undervisningsopplegg er «Psykologisk førstehjelp» og samtalegrupper for barn med skilte foreldre. 2 helsesjukepleiarar har sertifisert seg i foreldrerettleiing COS (Circle of security) i 2019. Tilbod om foreldrerettleiing i grupper til foreldre er starta opp, og vert nytta i stor grad.

Helsestasjon for ungdom (HFU), er eit helsetilbod for ungdom mellom 13 og 23 år, med opningstider kvar torsdag frå kl. 14.30 til kl. 16.00. Det er fokus på fysisk, psykisk og seksuell helse hos ungdom. Det er jordmor, helsesjukepleiar og lege som drifrar HFU.

Psykolog for barn og unge

Kommunepsykolog skal primært jobbe helsefremmende og førebyggjande i forhold til barn og unge si psykiske helse, og er eit mellomtrinn mellom helsestasjon- og skulehelsetenesta.

Miljøretta helsevern er og ei lovpålagt oppgåve helsestasjon- og skulehelsetenesta. Arbeidsoppgåver er blant anna tuberkulosekontroll av utlendingar som flyttar til kommunen, samt anna smittevernsarbeid.

4.5 Kulturskulen

Kulturskulen har 3,6 årsverk fordelt på 11 lærarar. Brukargruppa er personar i alderen 6 – 52 år.

Våren 2019 hadde kulturskulen 168 elevar og 189 elevplassar. Austevoll Musikkråd, koret Eufonia, helse- og sosialetaten, psykisk helseteneste og Austevoll PO-senter kjøper tenester av kulturskulen.

Musikktilboda i kulturskulen famnar om undervisning innan musikkstart, song, piano, gitar, el. gitar, bassgitar, keyboard, slagverk, bandundervisning, musikkverkstad og tilpassa musikkopplæring. Vidare omfattar tilbodet aspirantopplæring for KDV skulekorps. Kulturskulen har óg undervisning i teikning og maling, dans (1. – 6. klassesteg) og jazzdans (8. – 10. klassesteg).

Kulturskulen organiserer og legg til rette for Den kulturelle skulesekken (DKS) i Austevoll og UKM (Ung Kultur Møtest) i lag med Austevoll ungdomsråd.

4.6 Vaksenopplæringa

Det er 4 årsverk i vaksenopplæringa. Brukergrupper er flyktningar og familieegjenforeinte i introduksjonsprogram og betalingslevar i norsk, blinde og svaksynte, personar som treng opptrening grunna hjerneinfarkt, og personar som er synshemma eller hørselshemma.

Vaksenopplæringa gir tilbod om norskkurs, samfunnskunnskapskurs, Nygård skule i Bergen, Spesialundervisning- IKT, matematikk, samfunnsfag, grunnleggjande lese og skrive ferdigheter, kurs og oppfølging av blinde/svaksynte og oppfølging av pasientar frå audiopedagog/logoped.

Det er mange deltakarar som har gjennomført eksamen i norsk og samfunnskunnskap i 2019. Det er gjennomført kveldskurs for arbeidsinnvandrarar. Tenesta samarbeider med NAV og flyktningkoordinator om

introduksjonsprogrammet.

4.7 Austevoll folkebibliotek

Det er 1,35 årsverk ved biblioteket fordelt på biblioteksjef 100%, bibliotekar 26,67% og assistent/laurdagshjelp 9%. Biblioteket skal leggja til rette for ålmenn tilgong og formidling av litteratur og kultur for alle aldersgrupper. Biblioteket har sjølvbetjent bibliotek i senteret si opningstid.

Utlån av medier held seg stabilt. Besøktal viser ein forholdsmessig moderat auke frå i fjor. Tal på ulike arrangement for alle aldersgrupper har auka. Samarbeid med lokale, eksterne og interkommunale tilbydarar er viktig for folkebiblioteket.

Folkebiblioteket har i 2019 motteke tilskot frå Hordaland fylkeskommune på kr 15.000 til integreringsprosjekt for framandspråklege. Desse midlane er sett av i 2020 til eit samarbeidsprosjekt med frivilligsentralen, skulen og flyktningkoordinator.

4.8 Grunnskulane

Organisasjonskartet i Austevoll kommune plasserer grunnskulen under tenestområdet oppvekst.

Vi har 3 offentlege grunnskular og 1 privatskule i kommunen. Det er 729 elevar i skulane våre i hausthalvåret 2019 (inkl privatskulen).

Tenester

- Grunnskuleopplæring 1.-10. trinn etter læreplanen
- SFO- ordning 1.-4. trinn
- Lokalitetar for og i samarbeid med kulturskulen
- Lag og organisasjonar: Trening, øving, arrangement
- Utleige av lokale til arrangement, kurs m.m.

Det er opplæringslova som regulerer grunnskule og vidaregåande opplæring i offentlege og private grunnskular. Den overordna planen for grunnskulen i Austevoll kommune er forankra i gjeldande lover og regelverk, og set føringar og mål for arbeidet i alle skulane. Planen er revidert og vedteken i kommunestyret juni 2019.

Austevoll kommune deltek med alle grunnskulane og PPT i pulje 4 i eit samlingsbasert tilbod frå Utdanningsdirektoratet omkring inkluderande skulemiljø. Dette tilbodet støttar og gir ressursar til å arbeida med trygge og gode skulemiljø med ei kunnskapsbasert tilnærming. Kompetanseutviklinga skal styrka kompetansen til skular og skuleeigarar til å skapa og oppretthalda gode skulemiljø, og førebyggja, avdekka og handtera mobbing og andre krenkingar. Tilbodet skal styrka både regelverkskompetansen og den pedagogiske kompetansen, i tillegg kompetanse til å driva utviklingsarbeid lokalt. Dei som deltek er med på felles nasjonale og fylkesvise samlingar, utviklingsarbeid på eigen arbeidsplass, lærande nettverk på tvers av skulane i kommunen, og kommunen får støtte til lokal ressursperson. Førebuing til deltakinga i pulje 4 er gjort i løpet av hausthalvåret 2019.

4.8.1 Selbjørn skule

Det er 18,4 årsverk undervisningspersonell på skulen som har 177 elevar og eigen SFO. Skulen har elevråd, samarbeidsutval og FAU. Det er lunsjordning for elevane på 4. - 7. trinn.

Skulen arbeider for at elevane skal ha eit trygt og godt læringsmiljø. Ein har arbeidd vidare i personalet med «Overordna del – verdier og prinsipper for grunnopplæring», og kommunale planar for skulen. Det skal brukast meir IKT i undervisninga. Satsingsområde som skal vidareførast og nye satsingar er:

- TL – er ein fast aktivitet nokre dagar i veka
- Zippys venner – program på 1.-4.trinn
- Teknologi og design
- Villsauprosjekt
- Praktisk musikkopplæring
- Tidleg innsats; lesekurs, jul-til-jul og reknekurs

Auka fokus på at alle elevar skal ha eit trygt og godt læringsmiljø, med i IBS frå 2020

Alle elevar har fått sin eigen pc. Det blir jobba med IKT planen.

FAU arbeider for å trygge området ved bussane og opp mot parkeringen ved hallen. Det er mykje trafikk i området ved skulestart og skuleslutt. Dei fleste elevane kjem med skulebuss, men mange kjører likevel barna.

4.8.2 Storebø skule

Det er til saman 27 årsverk til undervisning og administrasjon, og 8 årsverk assistentar/barne- og ungdomsarbeidarar/miljøterapeuter og merkantil.

Skulen har elevråd, samarbeidsråd og FAU. Det er til saman 315 elevar ved skulen. Skulen har eit godt spesialpedagogisk team. Skulebiblioteket er hjarta i skulen og blir godt drifta. Kantine for 5-7 trinn har blitt utvida til 5 dagar i veka.

Satsingsområde:

- Skulen skal halde fram med arbeidet med tidleg innsats
- Uteskule er innarbeidd, spesielt på småtrinnet
- Skulen er godt i gang med fagfornyinga
- Skulen har óg godt system på handtering av § 9A saker

Skulen er inne i ein prøveperiode med at leiinga består av rektor og avdelingsleiarar.

4.8.3 Austevoll ungdomsskule

